

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Kontrollutvalet
Askedalen 2

Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune ved
fylkesrådmannen

6863 LEIKANGER

REVISORBREV 01/2014

På bakgrunn av gjennomført revisjon av Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2013 inklusive årsoppgjersrevisjon, ser vi det som tenleg for fylkeskommunen og i samsvar med god kommunar revisjonsskikk å kome med ei oppsummering av dei feil og manglar revisjonen har avdekket. Vi vil og påpeika at fylkeskommunen er pliktig å ha gode interne kontrollrutinar på alle viktige område, og at ansvaret ligg hos den administrative leiinga i kommunen, jfr. KL § 23, 2.ledd.

SF revisjon IKS har som Dykk kjenner til gjeve ei revisjonsmelding utan merknadar for rekneskapsåret 2013. Vi har i revisjonsmeldinga stadfesta at rekneskapen er i samsvar med lov og god kommunal rekneskapskikk. I dette brevet vil vi ta opp dei feil og manglar som ikkje er å sjå på som vesentlege for rekneskapet sin heilskap, men som er av ein slik karakter/storleik at vi meiner det er viktig at leiinga i fylkeskommunen vert gjort kjent med dei. Vidare er det tenkt som eit utgangspunkt for administrasjonen i fylkeskommunen til å setje i verk tiltak for å betre på rutinar og prosedyrar knytt til økonomi, løn og rekneskap.

Heimelen for at vi utarbeider dette nummererte revisorbrevet er § 4 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner m.v. Det er Kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at dei tilhøva som vi i revisjonen har peika på vert følgde opp av fylkeskommunen – jf § 8 i forskrift om Kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner. Vi vil følgja opp dei enkelte punkta i brevet å halda kontrollutvalet orientert om status i oppfølginga.

1. Revisjonsbrev 01/2013

I tilsvarende brev etter gjennomført revisjon for rekneskapsåret 2012 tok vi opp nokre forhold som vi meinte burde rettast/følgjast opp av administrasjonen. Vi har i samband med årsoppgjersrevisjon følgt opp alle forholda i brevet. Det er fortsatt nokre manglar/avvik som må følgjast opp.

2. Avstemming av kontantkasse og omsetning på tannklinikkar og vidaregåande skular

Vi syner til Revisorbrev 01/2013 der vi påpeiker mangelfulle rutinar ved avstemming av kasse og bankkonti på skular og tannklinikkar. Vi har og i løpet av 2013 vore med på møter med tannklinikane for å klargjera krava til slike avstemmingar. Vi fekk forklaringar på problemstillingane som kan vere årsaka til avstemmingsdifferansane.

Ved gjennomgang av dokumentasjonen av balansepostane pr. 31.12.2013 finn vi framleis avvik. Fylkeskommunen må fortsette arbeidet med å betra rutineane på området.

3. Rammetilskot

Det er inntektsført rammetilskot på kr 763 000,- for lite i 2013 slik at mindreforbruket er tilsvarande for lite. Årsaka til feilen er at siste del av inntektsutjamninga for 2013 var utbetalt først i februar 2014. Det er korrekt periodisert og ført i rekneskapen for 2014 men ved ein feil vart det ikkje gjort tilsvarande inntektsføring i 2013. Feilen vart oppdaga for seint til at rekneskapen for 2013 vart retta. Beløpet må derfor inntektsførast som ekstra rammetilskot i 2014.

4. Føring av anleggsregister

I revisjonsbrevet for 2012 skreiv vi:

I samsvar med tidlegare praksis er enkelte mindre investeringar som inventar og maskiner og utstyr slegne saman for kvar år. Til dømes «opplæringsutstyr 2011», «tannhelseutstyr 2011» og «Brannvern 2011», og på same måte er alle veginvesteringane for 2011 ført opp i ein post.

Rekneskapsforskrifta § 8 og KRS 9 om nedskrivning, krev at det ved kvart årsskifte skal vurderas om anleggsmidelet har hatt eit verdifall som ikkje er forbigåande og i tilfelle skal verdien nedskrivast til verkeleg verdi. Eksempel på slik varig verdinedgang kan vera brann. Dersom det er brann ved ein skule er det vanskelig å fastsetta kva verdi inventaret står bokført med og som skal nedskrivast til 0.

For mindre inventar som ikkje enkeltvis har ein vesentlig verdi opnar KRS 4 for at fellesanskaffingar som inngår i et samla system med same bruksformål kan i forhold til vesentlig grensa sjåast som eit driftsmiddel. Det vil sei at inventar innkjøpt til ein skule eller ein tannklinikk kan sjåast på som ein anskaffing.

Vi kan ikkje sjå at dette følgt opp fullt ut. For undervisningsutstyr kjem det fram av anleggsregisteret kva skule utstyret er innkjøpt til, men for tannlegeutstyr og vegar er det framleis mangelfullt. Vi vil foreslå at fylkeskommunen fortsetter sitt arbeid med å få til eit korrekt anleggsregister i samsvar med krava i regnskapsforskrifta § 8 og KRS nr 9.



Marianne Vara

Ansvarlig revisor